

Protokoll frå styremøtet 12. desember 2024

Til stades: Ingrid Vad Nilsen, Heidi-Iren Wedlog Olsen, Erik Bolstad, Marianne Aasgaard
Frå sekretariatet: Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar)
Forfall: Sjur Nørstebø Moshagen, Svein Arne Orvik (vara)
Møtestad: Teams
Møtetid: 10:00–12:00
Møteleiar: Vad Nilsen
Referent: Kaldhussæter

Sakliste

Konstituering

S 55/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
S 56/24 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 19. september

Informasjonssaker

S 57/24 Orienteringssaker v/ direktøren
S 58/24 Høyringar
S 59/24 Nytt frå fagråda
S 60/24 Mediesaker
S 61/24 Økonomirapport
S 62/24 Orientering frå etatsstyringsmøtet 27. november
S 63/24 Plan for arbeidet med årsrapport 2024
S 64/24 Plan for arbeidet med verksemdsplan 2025

Drøftingssaker

S 65/24 Førebels budsjett 2025
S 66/24 Utkast til ny instruks om økonomi- og verksemdsstyring
S 67/24 Evaluering av styrearbeidet i 2024

Vedtakssaker

S 68/24 Strategi 2025–2028
S 69/24 Oppnemning av jury for kvensk språkpris
S 70/24 Eventuelt

Konstituering

S 55/24 **Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet**

Sakspapir: Saklista 12. desember

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 56/24 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 12. september 2024

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokollen frå styremøtet 12. september 2024 er godkjend.

Informasjonssaker

S 57/24 Direktørens orientering

Sakspapir: Ingen (munnleg orientering)

Administrativt:

- Det er sidan førre styremøte gjort nye tilsetjingar i faste stillingar (kultur- og mediefeltet, skulefeltet) med oppstart i januar.
- Det er gjort tilsetjingar i to engasjementstillingar: på feltet språk og integrering, samt tilsyn og språkrådgjeving.
- Kommunikasjonssjefen skal slutte og stillinga vert lyst ut 13. desember, med søknadsfrist over nyttår.
- Resultatet frå tariffnemnda er klart, og det skal forhandlast på to avtalar også for 2024. Det vert lokale forhandlingar over jul, med etterbetaling i mars.
- Språkrådet har gjennomført arbeidsmiljøundersøking (MUST) og følgjer opp resultatane i det løpande arbeidet med arbeidsmiljø.

Fagleg:

- Språkrådet arrangerte i november seminar om lovspråk med stor deltaking. Eit mål er at Justisdepartementet tek ansvar for ei fast ordning for språkleg kvalitetssikring av lovarbeid.
- "Årets ord" vert lansert 13. desember.
- Språkrådet har på seinhausten gjennomført to større undersøkingar. Den eine er om norsk musikk og den andre er ei generell befolkningsundersøking. Resultatane kjem på tampen av året.
- Medietilsynets Barn og medier-undersøking viser at norsk språk taper terreng i barn og unges mediekvardag, med aukande bruk av engelsk. Direktørane i Medietilsynet og Språkrådet har saman oppmoda om at det blir sett i verk relevante kulturpolitiske tiltak for å styrke tilgangen til norsk på digitale flater.
- Språkrådet har i desember hatt besøk frå det svenske Språkrådet for erfaringsutveksling og samarbeid.

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 58/24 Høyringar

Sakspapir: Notat med oversikt over høyringssvar frå Språkrådet

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 59/24 Frå fagråda

Sakspapir: Notat frå fagrådssekretærane

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 60/24 Mediesaker

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonsavdelinga

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 61/24 Rekneskap og økonomisk situasjon 31. oktober 2024

Sakspapir: Notat frå stabssjefen og regnskapsrapport per 31. oktober 2024

Oppsummering: To vakante stillingar, høgare sjukefråver enn ønskeleg og refusjonar av lønsmidlar er blant årsakene til at rapporten er prega av mindreforbruk. Mykje kjem til å jamne seg ut. Vi styrer mot eit resultat på mellom 1 og 1,5 millionar i mindreforbruk.

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapporten til orientering.

S 62/24 Orientering frå etatsstyringsmøtet 27. november

Sakspapir: Munnleg orientering

Styreleiaren og direktøren orienterte frå etatsstyringsmøtet med Kultur- og likestillingsdepartementet 27. november. Endeleg referat frå møtet vil leggjast fram på styremøtet 13. februar.

Vedtak: Styret tek orienteringa frå etatsstyringsmøtet til orientering.

S 63/24 Plan for arbeidet med årsrapport 2024

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 63/24 Plan for arbeidet med verksemdsplan 2025

Sakspapir: Notat frå direktøren, førebels tildelingsbrev frå Kultur- og likestillingsdepartementet og utkast til revidert målstruktur

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

Drøftingssaker

S 65/24 Førebels budsjett 2025

Sakspapir: Notat frå direktøren og stabssjefen

Oppsummering: Total ramme for driftsutgifter er på i underkant av kr 61 000 000, inkludert ei overføring frå 2024 på ca. 1 000 000. Ramme på kr 39 930 000 til forvaltning av tilskotsmidlar til språkorganisasjonar. Lønsutgifter utgjer rundt 75 % av driftsutgiftene, og det er lagt inn ei lønsauke på 5,2 %. Det er også planlagt for nye tilsettingar i to faste stillingar og ei nytilsetting til kommunikasjonssjefstillinga. Når det gjeld driftsutgifter, er dei største budsjetterte kostnadane husleige, reparasjon og vedlikehald av lokale, samt kjøp av tenester, blant anna til IKT og andre driftsoppgåver. Det er òg lagt inn middel til faglege tiltak, desse vil bli fordelt etter vurdering på nyåret.

Vedtak: Styret ber direktøren leggje fram eit forslag til endeleg budsjett for 2025 på styremøtet i februar.

S 66/24 Utkast til ny instruks om økonomi- og verksemdsstyring

Sakspapir: Notat frå direktøren, utkast til ny instruks om økonomi- og verksemdsstyring, brev frå Språkrådet til KUD 3.7.24 om Språkrådets gjeldande vedtekter og Språkrådets økonomi- og verksemdsinstruks

Oppsummering: Språkrådet har sendt forslag til Kultur- og likestillingsdepartementet om å flytte vedtektsføresegnene til økonomi- og verksemdsstyringsinstruksen for å redusere talet på styringsdokument og unngå dobbeltreguleringar.

Blant føresegnene som er flytta inn i instruksutkastet er dei som gjeld styrets fullmakt til å godkjenne normeringsvedtak, oppnemne fagråd og gi retningsliner for ansvars- og arbeidsdeling. I tillegg er det lagt inn krav om kjønnsbalanse i fagråda og spesifisert at direktøren har ansvar for å førebu styremøte.

Styret blir bedt om å vurdere detaljnivået i forslaget og om det er andre relevante vedtektsføresegner som bør bli inkludert i den nye instruksen.

Vedtak: Styret drøfta saka og var nøgde med løysinga departementet har valt. Innspele i saka blir følgde opp i det vidare arbeidet.

S 67/24 Evaluering av styrearbeidet i 2024

Sakspapir: Framlegg til diskusjonspunkt

Vedtak: Styret drøfta saka.

Vedtakssaker

S 68/24 Strategi 2025–2028

Sakspapir: Notat frå direktøren og strategidokument

Oppsummering: Arbeidet med strategien har gått føre seg gjennom 2024 og er forankra i heile organisasjonen. Strategien følgjer opp den norske språkpolitikken, og har som mål å sikre langsiktig utvikling av politikkoppfølgingsfelt og leggje til rette for gode prioriteringar. Dei viktigaste satsingsområda er identifiserte, og det vil bli utvikla ein kompetanseutviklingsplan og ein kommunikasjonsplan for å støtte desse. Styret vil få løpande rapportering om framdrifta.

Vedtak: Styret i Språkrådet godkjenner strategidokumentet med dei endringane som kom fram i møtet.

S 69/24 Oppnemning av jury for kvensk språkpris

Sakspapir: Notat frå direktøren

Oppsummering: Kieliraatin kielipalkinto – Språkrådets kvenske språkpris er oppretta av Språkrådet for å fremje, utvikle og bevare det kvenske språket. Prisen, som vert delt ut annankvart år, skal delast ut att våren 2025. Språkrådets styre har ansvar for å oppnemne jury til prisen.

Vedtak: Styret oppnemner følgande jurymedlemmar: Mari Keränen, Raymond Olufsen og Henrik Madsen.

S 70/24 Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 12. desember 2024 er godkjend 13. februar 2025.